

Ein hyllest til kona Janne



SERTILBAKE: Etter snart åtte år har ei lenge planlagt bok om kona, og hennar psykiatriske sjukdom, kome ut. For Freddie Langrind er det viktig å vere open om det som skjedde. **ARKIVBILDE**

Kona til Freddie Langrind tok sitt eige liv etter fleire år med bipolar sjukdom. Etter snart åtte år skriv han dikt om det som skjedde.

Visemakar Freddie Langrind (75) har budd i Eid sidan 2012. Mange kjenner hans viser med skjemt og alvor, eit lite sidesyn til samfunnet han lever i. Etter at han blei nordfjording har han også skrive viser om ting som opptek han her på Eid. Mellom anna har han skrive om Sagastad og vikingane som ein gong drog ut her i frå. Med gitaren han visesongaren gleder mange, og gjort daglegdagse hendingar om til lyrikk. I alt har han fire bøker bak seg, og no er han komen med den femte. Og medan han før har sett på samfunnet rundt seg, er det han sjølv det handlar om denne gongen.

Ikkje god nok hjelp


Det var i oktober 2010 at kona Janne tok sitt eige liv. Då hadde ho hatt ein alvorleg grad av bipolar sjukdom i mange år. Freddie levde tett på denne sjukdomen, som blei verre ettersom åra gjekk.

–Det verste var at ho klarte å ta sitt eige liv medan ho var innlagt på psykiatrisk avdeling i Tønsberg. Det var midt mellom kvalifisert helsepersonell at ho

gjennomførte sjølv mordet. Slikt skal berre ikkje skje i helsevesenet, seier Langrind som etter kona sin død flytte til Vestlandet, og dottera på Eid.

–Eg og kona Janne budde saman i ein bøkeskog utanfor Tønsberg frå 1997 til 2010. Det var ei tomt som vi kjøpte alle-reie i 1979 og som vi sjølve bygde opp med bustadhus og andre mindre hus. Janne var ein meister i hagearbeid, og var engasjert innanfor hagelaget. I denne bøkeskogen bygde ho opp sin eigen praktfulle hage. Vi hadde vårt eige paradisi i denne skogen. Men etter henne ville eg ikkje vere der lenger. Ho var sjølve lyset i denne hagen, og utan henne hadde ikkje lenger denne eige dommen noko meining for meg, seier Langrind som opplevde det som eit tidsskifte då han flytte til Eid i 2012. Tidsskifte er også namnet på boka han no har kome med. Det handlar om at han måtte bryte opp og starte på nytt i godt vaksen alder. I boka er det i alt 49 korte kvad som omhandlar Janne og dei 50 åra han fekk saman med henne. Om hennar sjukdom og død, men også om gode stunder. Om då ho mellom depresjonar blomstra opp og skapte lys og varme rundt seg.

INGER TRÆEN
inger@fjordabladet.no



TIDSSKIFTE: For Langrind starta eit nytt kapittel i livet då han flytta til Eid i 2012. I boka skriv han om kona Janne og hennar sjukdom, og om tilhøvet til helsevesenet. Men boka inneheld også dikt om livet på Eid, om Sagastad og vikingar, fotball og ikkje minst barnebarnet som gav livet meining i dag.

Jeg er svært takknemlig for Fjordablads omtale av min bok TIDSSKIFTE. Journalisten her, Inger Træen, har tatt mine poeng og hensikter på kornet. Dette er ikke økonomi, men et uttrykk for respekt og kjærlighet.

Jeg har bestilt en kongelig kake til redaksjonen!

Freddie